

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
040/22	Kommunestyret	16.06.2022

Sakshandsamar: Stig Stark-Johansen

Arkiv:

Arkivsaksnr.:
19/1522 - 70

Revisjon av kommuneplan samfunnsdel 2022-2030 – handsaming av planframlegg

Saka gjeld – nytt saksframlegg etter formannskap 2. juni
Plandokument for kommuneplan samfunnsdel 2022 – 2030, er utarbeidd etter reglane i plan- og bygningslova (PBL), og har vore ute på offentleg høyring i tråd med PBL § 11-14. Planframlegget går difor no gå til endeleg politisk godkjenning.

Kommuneplanen vart vedteken lagt ut på høyring den 07.04, med frist til uttale til den 23.05.2022.

I høyringsperioden vart det halde høyringsmøte med ungdomsrådet, Årdal eldreråd og Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Det kom inn 12 eksterne uttalar. Ungdomsrådet si uttale kom ikkje med til formannskapet si handsaming den 02.06, men er no bakt inn i framlegget.

I eige dokument (vedlegg) er innspela systematisert med merknad om korleis dei er vurdert og om det har ført til endringar i plandokumentet. I tillegg er innspel som har kome frå administrasjonen, tatt med som punkt 12 i høyringsdokumentet. Dei eksterne høyringsuttalane ligg som vedlegg til saka.

Bakgrunn

Utkast til plandokument er handsama politisk i fleire fasar for å bidra til god forankring og forståing for dei vala som vert tatt i planen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vere styrande for korleis Årdal som kommune og andre aktørar i lokalsamfunnet skal agere for å utvikle lokalsamfunnet i yngst retning. I høyringsfasen vart det difor tatt initiativ til eigne høyringsmøte med viktige aktørar som ikkje vart direkte involvert i planfasen.

Det kom inn 12 høyringssvar til planframlegget. I tillegg har det kome innspel frå administrasjonen på tema som er viktige å få vurdert, grunna i nye eller endra føresetnadar. Innspela frå høyringsrunden er samla i eit eige dokument, der det er laga samandrag og utdrag av uttalane, som så er kommentert i eige felt. Våre kommentarar gjev grunnlag for å forstå kva som er gjort av endringar i det endelige dokumentet.

Drøfting

I høyringsrunden, har det kome fleire innspel om at plandokumentet ikkje har meir utdjupande omtale av utfordringar og utgreiingar knytt til ulike tema. Dette er eit val kommunen har tatt, for å kunne ha eit relativt kort og handterleg plandokument. Utgreiingar, statistikk og omtale av viktige tema ligg i eigne dokument.

Kommunen har og fått innspel om at forankring av lovpålagde oppgåver ikkje er godt nok forankra i planen. I vårt planarbeid har vi vært opptekne av å ta tak i dei utfordringane kommunen no står i, og utvikle mål og strategiar for å møte desse utfordringane dei neste åra. Det er difor ikkje slik at alt av t. d. driftsoppgåver i ein kommune, som er lovpålagt, er direkte kopla opp til strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel. Men det betyr ikkje at t. d. drift av viktige oppgåver innanfor områda skule, barnehage, helseinstitusjonar eller teknisk ikkje skjer, sjølv om ein ikkje direkte kan lese ut av kommuneplanen at kommunen tek i vare desse deloppgåvene. Gjennom nokre av høyringsuttalane får kommunen inntrykk av at det ikkje er forståing for dette hjå alle andre aktørar.

Eit tema kommunen jobbar aktivt med, men som ikkje er omtalt i plandokumentet, er arbeidet med integrering av flyktningar/innvandrarar. Kommunen har ein oppdatert plan for integrering, og det har ikkje kome opp eit behov for meir forankring oppover i plansystemet, ut over det som ligg i lovverket.

Det er gjort ein del endringar i plandokumentet etter høyringa og handsaminga i formannskapet den 02.06.2022. Alt frå dei overordna felles måla til delmål og strategiar i dei ulike tema. Kommunedirektøren har vald å legge inn konkrete endringar der vi meiner det er tenleg, men fleire av dei kan sikkert drøftast. Dette og av di vi ikkje alltid har vore samd med høyringsinstansane og difor ikkje har gjort endringar, eller gjort endringar slik dei har yngst. I planframlegget til kommunestyret er innspela frå Årdal ungdomsråd og Seimsdalsstrondi, kome med.

Oppfølginga av kommuneplanen sin samfunnsdel har vore eit tema hjå dei regionale mynda. Dette kjem av dei erfaringane som er gjort av at kommuneplanen sin samfunnsdel i ein del tilfelle blir eit reint «skuffedokument». For å bidra til at den blir aktivt brukt til styring og utvikling, har dei difor rådd til å knyte oppfølginga av planen til økonomiplanarbeidet og prosessane rundt budsjett/økonomiplan, og ikkje utarbeide eigne handlingsprogram. PBL gjev rom for begge måtane å følgje opp planen. Kommunedirektøren vil legge opp dei politiske prosessane rundt budsjett/ økonomiplan og sjølve økonomiplandokumentet slik at desse intensjonane vert følgt opp.

Kommunedirektøren vil og nemne at vi i planarbeidet og samarbeidet med det politiske miljøet, har fått til ein relativt kortfatta plan der er mogleg både å bruke aktivt, både til å evaluere eige og lokalsamfunnet sitt arbeid. Sidan samfunnet og premissar kan endre seg fort, er det viktig at planen blir evaluert og revidert gjennom planperioden.

Tilråding:

1. Kommuneplan samfunnsdel 2022 – 2030, vert vedteken slik den ligg føre.

2. Kommuneplanen sin samfunnsdel vert vedteken som kommunen sitt overordna styringsdokument i perioden og blir følgt opp gjennom dei årlege budsjettprosessane med økonomiplan og langtidsbudsjett.
3. Det vert ikkje utarbeida eit eige handlingsprogram for oppfølging av samfunnsdelen, men vert bakt inn i sektorane sine prioriterte handlingsplanar basert på vedtekne budsjett.

16.06.2022 Kommunestyret

Christian Sønstlien, AP fremja forslag om tillegg:

Forslag Samfunnsplanen side 10:

Delmål 1: Årdal har eit positivt omdøme med høg bulyst.

Nytt kulepunkt:

- Utvikle Fremre Utladalen ved Svalheim som ein arena for friluftsliv og fysisk aktivitet.
- Forslag Samfunnsplanen side 16:
- Delmål 2: Eit mangfaldig næringsliv som er mindre sårbart og meir attraktivt.
- Nytt kulepunkt:

- Legg tilhøva til rette for at ideelle aktørar innan helse- og omsorgssektoren finn det attraktivt å etablere seg.

Framlegg frå Christian Sønstlien, AP om nytt kulepunkt side 10 vart teken opp til røysting.

Samrøystes.

Framlegg frå Christian Sønstlien, AP om nytt kulepunkt side 16 vart teken opp til røysting.

Samrøystes.

Tilråding frå formannskapet vart teken opp til røysting.

Samrøystes.

KST - 040/22 Vedtak

1. Kommuneplan samfunnsdel 2022 – 2030, vert vedteken slik den ligg føre med nye kulepunkt side 10 og side 16.
2. Endring side 10 - Delmål 1: Årdal har eit positivt omdøme med høg bulyst.

Nytt kulepunkt:
* Utvikle Fremre Utladalen ved Svalheim som ein arena for friluftsliv og fysisk aktivitet.
3. Endring side 16 - Delmål 2: Eit mangfaldig næringsliv som er mindre sårbart og meir attraktivt.

Nytt kulepunkt:
* Legg tilhøva til rette for at ideelle aktørar innan helse- og omsorgssektoren finn det attraktivt å etablere seg.
4. Kommuneplanen sin samfunnsdel vert vedteken som kommunen sitt overordna styringsdokument i perioden og blir følgt opp gjennom dei årlege budsjettprosessane med økonomiplan og langtidsbudsjett.
5. Det vert ikkje utarbeida eit eige handlingsprogram for oppfølging av samfunnsdelen, men vert bakt inn i sektorane sine prioriterte handlingsplanar basert på vedtekne budsjett.